

---

Saksnr: 2019/13-20  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad  
Dato: 21.10.2021

---

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Folkevalde i Vestland fylkeskommune - Rettar og plikter

Dokumentet «Folkevalde i Vestland fylkeskommune - Rettar og plikter» vart vedteke av fylkestinget 15. oktober 2019 i PS 10/2019. Dokumentet er eit samledokument med viktig informasjon og reglar for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Dokumentet skil seg frå «Reglement for folkevalde organ og delegering» ved at «Folkevalde i Vestland fylkeskommune - Rettar og plikter» retter seg mot den einskilde folkevalde.

Fylkesdirektøren ønskjer no å informere om at dokumentet har vore gjennom ei naudsynt oppdatering. Det er ikkje gjort endringar på sjølve innhaldet, men fylkesdirektøren vil likevel gjere merksam på at «Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune» er skilt ut. I dokumentet «Folkevalde i Vestland fylkeskommune - Rettar og plikter» vil ein no difor berre finne i ei tilvising til forskrifta på Lovdata. Det er utover dette gjort små språklege presiseringar og justeringar. Dokumentet har med dette ikkje vore gjennom ei større revidering, og det er heller ikkje planlagt større revideringsarbeid frå administrasjon si side no.

«Folkevalde i Vestland fylkeskommune - Rettar og plikter» finn ein på heimesida på [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no). Her finn ein og direkte link til forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune.

[Startside](#) → [Politikk](#) → [For folkevalde](#) → [Handbøker og reglement](#)

## Handbøker og reglement

Handbøker og reglement som folkevalde pliktar å sette seg inn i.

- [Reglement for folkevalde organ og delegering](#)
- [Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune](#) <sup>12</sup>
- [Folkevalde - rettar og plikter](#)